
Saksnr: 2021/15765-6
Saksbehandlar Cathrine Gunn Grasdahl
Dato: 20.04.2021

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Fråsegn til kommuneplanen sin samfunnsdel 2021-2030 for Osterøy kommune

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Osterøy kommune var på høyring i perioden frå 18. mars til 30. april 2021. Fylkeskommunen har tidlegare gjeve innspel til melding om oppstart og høyring av planprogram, dagsett 05.05.2015, og kommuneplanen sin samfunnsdel var tema i planforum 01.02.19.

Etter plan- og bygningslova skal utkast til samfunnsdel leggst på høyring i minimum 6 veker. For høyringssvar som må handsamast politisk i fylkeskommunen, er administrasjonen i dei fleste saker avhengig av at kommunen godtek ein utsett høyringsfrist. Kommuneplanen sin samfunnsdel for Osterøy kommune er vedlagt som *referatsak*. Vedtak av planen er planlagt i heradsstyret i Osterøy i juni. Etter dialog med kommunen har fylkesrådmannen valt å gje ei administrativ fråsegn no, og legg fråsegnen fram i fylkesutvalet som referatsak i møtet 1. juni.

Tre satsingsområde, med hovudmål og delmål, er prioriterte i kommuneplanen sin samfunnsdel for Osterøy kommune:

Mål 1: Målretta miljø og klimapolitikk

Mål 2: Gode levekår og attraktive lokalsamfunn, og

Mål 3: Framtidsretta og mangfaldig næringsliv.

Planforslaget peikar på sterk identitetskjensle og variasjon av kvalitetar i kommunen, som viktig premiss for ei god utvikling framover. Fylkesrådmannen vurderer at ein her har gjort gode grep og at arbeidet tar opp i seg breidda i utviklinga av kommunen. Vi ser òg at planen kan bli endå tydelegare. Her meiner fylkesrådmannen at ein særleg kunne vere meir konkret på å skildre det vidare arbeidet med og koplinga til handlingsdel og økonomiplan, slik at planen viser korleis dei gode måla og delmåla vil bli følgt opp. Det er særleg positivt at samfunnsdelen har ein arealstrategi, då dette vil gje gode føringar for arbeidet med arealdelen.

Vedlegg

- 1 Kunngjering - høyring og offentleg ettersyn - kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2030 - Osterøy kommune
- 2 Kommuneplanen sin samfunnsdel_HS-vedtak240221
- 3 Administrativ fråsegn til kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 - 2030 - Osterøy kommune